

# Skifte i redaktørstolen

AV LUDVIG MUNTHE

Me som nyleg har teke over styret og dagleg leiing av Egede Instituttet, tenkjer med respekt og takksemnd på professor O. G. Myklebust som grunnla både Instituttet og Norsk Tidsskrift for Misjon, og som framleis er aktiv forskar innan misjonsfaget.

Me tenkjer likeeins med glede på dei som gjennom styre og tenes-

te elles for Instituttet, har lagt ned så mykje arbeid og synt slik omsorg for aktivitetane som går føre seg i kontora våre i Theresesgate 51 i Oslo.

No ved skiftet også av redaksjon i NOTM (frå første nummer 1987), vil me få takka og hylla professor Nils E. Bloch-Hoell for hans innsats for tidsskriftet på så mange vis i så mange år. Med god støtte frå professor Åge Holter som har vore medredaktør og flittig bidragsytar, men som også er blitt pensjonist, har han gitt NOTM høg standard og skapt interesse for og større klårleik i den endelausa straum av misjons-/religionshistoriske og misjonsteologiske spørsmål som reiset i vår tid.

Gjennom festskriftet til professor Bloch-Hoell på 70-års-dagen, fekk me hylla vår kjære leiar og kollega og peika på hans store innsats for misjonen gjennom Egede Instiuttet og gjennom tenesta ved dei to teologiske fakulteta i Oslo.

No ved redaktørskiftet i NOTM takker me for hans gilde helsing og seier han for vår part ei enkel, men varm takk for alt arbeid for Norsk Tidsskrift for Misjon. Me sender han og fru Ingrid våre gode ynskje og gler oss til framhaldande verdfulle bidrag til tidsskriftet. Alt no i nr. 1 1987 får me det første signert Nils E. Bloch-Hoell.

Det blir også skifte i redaksjonssekretariatet. Edith Klüwer som i åtte år har hatt stillinga, trappar no ned og overlet ansvaret til Else Marie Nesse, bibliotekaren vår. Me vil seia frøken Klüwer hjarteleg takk for innsatsen for tidsskriftet. Og me er sers glad for at ho held fram som kasserar og at me såleis ei tid får behalda ein kjær medarbeidar.

Etter nyordninga vil NOTM ved sida av redaktøren og redaksjonssekretæren få ein redaksjonskomite. Ein vil slik fordela ansvaret for tidsskriftet og om råd gi det ein større kontaktflate. Fylgjande, nemnt i alfabetisk rekkje, har svara ja til dette vervet: Jan-Martin Berentsen, Peder Eidberg, Kristin Norseth, Notto Reidar Thelle.

Me nyttar dette høvet til å ta oppatt invitasjonen som me gjennom misjonsselskapa har fått senda til alle misjonærar og til misjonsadministrasjonane heime, om å nytta tidsskriftet som sitt organ. Me ser gjerne at ulike syn brytest. Men me i redaksjonene vil gjera vårt til at NOTM skal tena norsk misjon og fremja ei linje som er i samsvar med slik me her i landet skjønar vårt heilage kall til misjon.